

April 2012

## Allmenne vilkår for avtalar om kraftpris for næringskunder o.a.

Denne avtalen, som heretter er kalla Allmenne vilkår, gjeld mellom Skjåk Energi Kraft og næringskunder, offentlege kunder, organisasjonar og andre typar sluttbrukarkunder som ikkje er omfatta av definisjonen av forbrukar i forbrukarkjøpslova.

### § 1 Allmenne føresegner

#### § 1-1 Partane i avtalen

Partane i avtalen er kunden som tek ut straum til bruk på ei eller fleire leveringsadresser, og Skjåk Energi Kraft.

Kunden som inngår avtale om kraftpris, må vere identisk med den som er registrert som nettkunde hos nettselskapet på vedkomande leveringsadresse(r) (målepunkt-ID).

#### § 1-2 Emne for avtalen og avtaleforholdet og yting frå Skjåk Energi Kraft

Denne avtalen gir Skjåk Energi Kraft rett til å avrekne kunden for den straumen kunden tek ut i samsvar med Skjåk Energi Kraft, til den prisføresegna / dei prisføresegnene partane har avtala i Særskild avtale.

Dersom ikkje anna er særskilt avtala mellom partane, skal avtalen omfatte avrekning for alt straumforbruk som kunden har på leveringsadressa si / leveringsadressene sine i avtaleperioden.

##### *§ 1-2.1 Avtala yting frå Skjåk Energi Kraft*

Som følgje av Skjåk Energi Kraft sin rett etter § 1-2, 1. ledd er Skjåk Energi Kraft forplikta til å stå økonomisk ansvarleg overfor den som er avrekningsansvarleg for straum teken ut til kundens leveringsadresse(r) i avtaleperioden.

Det nettselskapet / dei nettselskapa kunden har nettavtale/nettavtalar med, er ansvarleg(e) for at kunden kan ta ut straum etter behov frå nettet til det elektriske anlegget sitt / dei elektriske anlegga sine.

#### § 1-3 Ansvarsfråskrivning

Denne avtalen er ein avtale om kraftpris. Som følgje av dette fråskriv Skjåk Energi Kraft seg alt ansvar for skadar og tap elektrisiteten i seg sjølv, eller uteblitt levering av elektrisitet, måtte påføre kunden eller kundens medkontrahentar som følgje av forhold i nettet til nettselskapet.

#### § 1-4 Avtaledokument

Avtale om uttak av straum til Standard variabel kraftpris skjer i samsvar med føresegnene i Allmenne vilkår.

Ved avtalar om uttak av straum som skal avreknast etter andre prisføresegner enn Standard variabel kraftpris, består avtalen mellom partane av følgjande dokument:

1. Særskild avtale mellom partane
2. Allmenne vilkår, dersom ikkje Særskild avtale bestemmer anna

Dersom det blir motstrid, gjeld føresegnene i Særskild avtale alltid framfor føresegnene i Allmenne vilkår.

## § 1-5 Definisjon

Oppstår det tvil om tydinga av omgrep og uttrykk som er brukte i Allmenne vilkår, skal definisjonane i den definisjonslista som står til slutt i Allmenne vilkår, leggjast til grunn.

## § 1-6 Opplysningar når ein inngår alle typar avtalar om kraftpris

For at partane skal kunne inngå avtale om kraftpris, må kunden gi opp følgjande:

1. Namn (firmanamn, namn på offentleg organ eller organisasjon eller liknande)
2. Organisasjonsnummer
3. Adresse(r) for den målepunkt-ID-en / dei målepunkt-ID-ane avtalen skal omfatte
4. Om (1) har hatt avtale om kraftpris med Skjåk Energi Kraft om andre leveringsadresser enn dei som er oppgitt under (3), i dei siste tre åra
5. Målepunkt-ID (finst på fakturaer frå nettselskap(a) – gi opp dei siste 8 siffera)
6. Fakturadresse viss ho er forskjellig frå adressa som er oppgitt under (3) (for eksempel e-faktura)
7. Pårekna årleg uttak av straum fordelt på kvartal, ev. månader (basert på historisk statistikk eller skjønn)

Dersom det blir avtala i Særskild avtale at Skjåk Energi Kraft skal seie opp kundens faste avtale/avtalar om kraftpris, må kunden i tillegg gi opp:

8. Namn og adresse på avtalepart, og eventuelle referansar om den avtalen / dei avtalane som skal seiast opp.

Avtale om kraftpris blir ikkje rekna for å vere gyldig før Skjåk Energi Kraft har stadfesta ordren og gitt beskjed om at opplysningane er mottekne og er tilstrekkelege for å inngå avtale.

## § 1-7 Oppseiing av kundens faste avtale om kraftpris ved overgang til avtale om kraftpris med Skjåk Energi Kraft

### § 1-7.1 Ansvar for oppseiing av kundens faste avtale

Dersom ikkje anna er avtala i Særskild avtale, må kunden sjølv sørge for å seie opp den faste avtalen / dei faste avtalane sine om kraftpris.

### § 1-7.2 Verknaden av klagar frå den tidlegare avtaleparten til kunden

Dersom kundens tidlegare avtalepart gjer gjeldande i samband med oppseiing/leverandørskifte at kunden ikkje har rett til å seie opp den faste avtalen om kraftpris, eller gjennomføre leverandørskifte, vedkjem det ikkje Skjåk Energi Kraft.

### § 1-7.3 Ansvar for tap o.l. som følgje av forseinka eller ikkje gjennomførbart leverandørskifte

Dersom leverandørskiftet blir forseinka eller ikkje kan gjennomførast på grunn av forhold som er nemnde i § 1-7.2, er Skjåk Energi Kraft ansvarsfri for dei tapa kunden måtte ha som følgje av dette. Dersom Skjåk Energi Kraft lir tap fordi eit leverandørskifte blir forseinka eller ikkje kan gjennomførast på grunn av forhold som er nemnde i § 1-7.2, kan Skjåk Energi Kraft halde kunden ansvarleg for slike tap. Skjåk Energi Kraft pliktar, så langt det let seg gjere, å avgrense tapet sitt. Erstatning for tapet til Skjåk Energi Kraft blir berekna etter føresegnene i § 4-2.2 for det tidsrommet Skjåk Energi Kraft blir påført tap.

## § 1-8 Kredittvurdering, sikkerheitsstilling o.a. ved avtaleinngåing

### § 1-8.1 Kredittvurdering

Skjåk Energi Kraft inngår avtale med kunden under føresetnad av at kunden blir rekna for betalingsdyktig. Kunden aksepterer at Skjåk Energi Kraft kan innhente kredittvurdering av kunden.

### § 1-8.2 Sikkerheitsstilling o.a.

Dersom kredittvurderinga etter sakleg vurdering frå Skjåk Energi Kraft sannsynleggjer at det er fare for betalingsmisleghald, kan Skjåk Energi Kraft avvise bestillinga, eventuelt seie opp avtalen, eller krevje sikkerheitsstilling, mellom anna fast forskotsbetaling.

Sikkerheitsstilling i form av sjølvskyldnarkausjon (bankgaranti og liknande) skal dekkje betaling for pårekna uttak i inntil fire månader. Skjåk Energi Kraft kan krevje at sikkerheitsstillinga blir halden ved lag så lenge faren for betalingsmisleghald kan sannsynleggjerast.

Dersom eit sakleg grunnlagt krav om sikkerheitsstilling eller forskotsbetaling ikkje blir akseptert av kunden, er dette eit vesentleg misleghald som gir Skjåk Energi Kraft rett til å heve avtalen med verknad straks.

## § 1-9 Teieplikt

Partane, partane sine tilsette og andre hjelparar partane måtte ha engasjert, har teieplikt om alt som vedkjem drifts- og forretningsforholda til den andre parten.

Dette er ikkje til hinder for at Skjåk Energi Kraft kan bruke eigen kunnskap om kunden i samband med kredittvurdering, eller at Skjåk Energi Kraft kan gi opplysningar om kunden til offentleg myndigheit som har heimel i lov til å krevje opplysningar.

## § 2 Avrekning for uttak av straum

### § 2-1 Avrekning

#### § 2-1.1 Avrekning ved bruk av måleverdiane til nettselskapet.

Skjåk Energi Kraft bruker tilgjengelege måleverdiar frå nettselskapa ved all avrekning av kundar.

#### § 2-1.2 Avrekning ved stipulering av forbruk

Dersom måleverdiar frå nettselskapa ikkje er gjorde tilgjengeleg for Skjåk Energi Kraft til rett tid før avrekninga skal skje, vil Skjåk Energi Kraft stipulere kundens uttak og bruke stipuleringa ved avrekninga. Summen blir justert i samband med første fakturering etter at Skjåk Energi Kraft har fått tilgang til måleverdiar frå nettselskapet.

### § 2-2 Feil ved avrekning

#### 2-2.1 Feil ved avrekning som kan tilskrivast Skjåk Energi Kraft

Dersom Skjåk Energi Kraft har brukt andre måleverdiar ved avrekning av ein kunde enn dei måleverdiane som nettselskapet til rett tid har gjort tilgjengelege for Skjåk Energi Kraft, kan partane krevje tilleggsbetaling, høvesvis tilbakebetaling for feilperioden.

Krav om tilleggsbetaling og tilbakebetaling blir forelda etter reglane i *lov om foreldelse av fordringer* av 18. mai 1979 nr. 18.

*§ 2-2.2 Avvikskorrigerering etter at det er blitt brukt stipulering ved avrekninga*

Avvik som kjem av at Skjåk Energi Kraft ikkje har fått oppgitt nødvendige måleverdiar frå nettselskapet i rett tid, og såleis har brukt stipulert forbruk ved avrekning, jf. § 2-1.2, skal òg korrigerast ved tilbakebetaling eller tilleggsbetaling når måleverdiane ligg føre.

*§ 2-2.3 Avrekningsfeil som følge av feil i oppgitte måleverdiar frå nettselskapet*

Dersom Skjåk Energi Kraft har motteke feil måleverdiar for kunden frå nettselskapet, og har brukt desse ved avrekninga av kunden, kan Skjåk Energi Kraft ikkje krevje etterbetaling frå kunden, og kunden kan ikkje krevje tilbakebetaling frå Skjåk Energi Kraft.

Oppgjer som gjeld for mykje eller for lite betalt for straum i dei tilfella der nettselskapet har meldt feil måleverdiar til Skjåk Energi Kraft, er fullt og heilt eit forhold mellom nettselskapet og kunden som nettkunde hos nettselskapet.

## **§ 3 Pris og betalingsvilkår**

### **§ 3-1 Kraftprisar og endring av kraftprisar**

*§ 3-1.1 Endring av Standard variabel kraftpris*

Standard variabel kraftpris kan som hovudregel endrast med 14 dagars varsel. Varsel om endring av Standard variabel kraftpris skjer anten ved direkte varsel til kundane, eller på annan eigna måte.

*§ 3-1.2 Andre kraftprisar*

Kraftpris(ar) og vilkår for eventuelle endringar av andre kraftprisar enn Standard variabel kraftpris følger av det partane avtalar i Særskild avtale.

*§ 3-1.3 Nettleige*

Kraftprisen gjeld berre for avrekning av straumen kunden tek ut. Avrekning for nettleige frå nettselskapet til kunden kjem i tillegg til avrekninga for uttaket av straum.

*§ 3-1.4 Offentlege avgifter o.a.*

Med "avgift" forstås ein her all innkrevjing av pengar som kompetent offentlig styresmakt pålegg Skjåk Energi Kraft å gjere i samband med levering av straum.

Kraftprisen/kraftprisane er oppgitt eksklusive alle avgifter. Eksisterande og nye avgifter kjem i tillegg til kraftprisen med dei satsane som til kvar tid gjeld.

*§ 3-1.5 Plikt til å dokumentere avgiftsfritak og rett til refusjon ved feilaktig avgiftsfritak*

Kundar som etter forskriftene til avgiftsmyndigheitene er fritekne for avgifter, må i tvilstilfelle dokumentere overfor Skjåk Energi Kraft at dei har rett til avgiftsfritaket. Dersom Skjåk Energi Kraft skulle bli etterrekna av avgiftsmyndigheitene for avgifter som kundar feilaktig er blitt fritekne for, skal vedkomande kunde/kundar refundere det aktuelle avgiftsbeløpet til Skjåk Energi Kraft.

### **§ 3-2 Betalingsvilkår**

Faktura forfell til betaling i samsvar med faktureringsrutinane og betalingsvilkåra til Skjåk Energi Kraft, og det partane avtalar i Særskild avtale.

### **§ 3-3 Forseinkingsrente**

Forseinkingsrente kjem i tillegg dersom kunden betaler etter betalingsfristen som er oppgitt på fakturaen, etter lovbestemt rentesats i forbrukarforhold i *lov om renter ved forsinket betaling* av 17. desember 1976 nr. 100.

## § 3-4 Inkasso

Inkasso blir iverksett i samsvar med *lov om inkasso* av 13. mai 1988 nr. 26, før eventuell rettsleg pågang blir iverksett.

## § 4 Sanksjonar ved misleghald av avtalen

### § 4-1 Stansing

Skjåk Energi Kraft kan stanse leveringa dersom kunden ikkje har betalt fakturaen innan betalingsfristen som er oppgitt på fakturaen.

Kunden og vedkomande nettselskap vil bli varsla skriftleg om stansing og opphøyr av kraftleveranse, og om tidspunktet når kraftleveransen blir stansa.

Stansing inneber ikkje at avtalen om kraftpris blir oppsagd eller heva. Skjåk Energi Kraft vil halde tilbake kraftleveransen inntil all gjeld kunden har til Skjåk Energi Kraft, er oppgjord, eller til ein annan avtale om nedbetaling av gjelda er inngått. Etter dette gjeld avtalen om kraftpris vidare.

### § 4-2 Heving av tidsavgrensa kraftprisavtalar

#### *§ 4-2.1 Kundens hevingsrett*

Dersom Skjåk Energi Kraft mislegheld ein tidsavgrensa avtale om kraftpris vesentleg, kan kunden heve avtalen.

#### *§ 4-2.2 Erstatningsansvar for kunden dersom det ikkje er hevingsgrunn*

Skjåk Energi Kraft kan krevje å få erstatta det tapet Skjåk Energi Kraft lir dersom kunden hevar ein tidsavgrensa avtale om kraftpris før utløpstidspunktet, og det ikkje ligg føre eit slikt vesentleg misleghald av avtalen frå Skjåk Energi Kraft si side slik det er nemnt i § 4-2.1.

Erstatningsbeløpet blir berekna som differansen mellom områdeprisen i det prisområdet der kunden tek ut straum, på den dagen Skjåk Energi Kraft får melding om hevinga, og den prisen som gjeld i kontrakten mellom kunden og Skjåk Energi Kraft. Denne differansen skal multipliserast med avtala eller skjønsmessig pårekna uttak av straum frå den dagen avtalen blir heva og ut den perioden som den tidsavgrensa avtalen gjaldt for.

#### *§ 4-2.3 Skjåk Energi Kraft sin hevingsrett*

Skjåk Energi Kraft kan heve ein tidsavgrensa avtale om kraftpris dersom kunden mislegheld betalingsplikta.

## § 5 Frikjøp, oppseiing og opphøyr av avtale om kraftpris med fast pris og/eller varigheit

### § 5-1 Hovudregel for avtalar om kraftpris med fast pris og/eller varigheit

Avtale om kraftpris med fast pris og/eller varigheit skal gjelde for det tidsrommet som er avtala i Særskilde vilkår.

### § 5-2 Frikjøp frå avtaleforplikting og berekning av frikjøpsbeløp

Kunden får høve til frikjøp frå avtaleforpliktinga si ved å erstatte det tapet Skjåk Energi Kraft lir i og med at avtalen ikkje gjeld ut avtala tid i samsvar med Særskilde vilkår.

Erstatningsbeløpet (frikjøpsbeløpet) blir berekna som differansen mellom områdeprisen i det prisområdet der kunden tek ut straum, på den dagen kunden krev frikjøp, og den prisen som gjeld i

kontrakten mellom kunden og Skjåk Energi Kraft. Denne differansen skal multipliserast med avtala eller skjønsmessig pårekna uttak av straum frå den dagen frikjøpet gjeld frå, og ut den perioden som den tidsavgrensa avtalen gjaldt for.

### § 5-3 Særskilt om vidareføring og frikjøp frå avtalar for kundar som flytter i avtaleperioden

Kundar som har avtalar om kraftpris med fast pris og/eller varigheit, og som flytter før avtaleperioden er ute, får fullført avtalen ved å ta ut straum på den nye adressa si. Kundar som ikkje ønskjer å fullføre avtalen ut avtaleperioden når dei flytter, får høve til frikjøp etter føresegnene i § 5-2.

Kundar som har avtalar om kraftpris med fast pris og/eller varigheit, og som flytter, pliktar å varsle Skjåk Energi Kraft om den nye leveringsadressa si med dei opplysningane som går fram av § 1-6 i Allmenne vilkår. Skjåk Energi Kraft vil deretter sende melding om oppstart av kraftleveranse til det aktuelle nettselskapet, jf. § 2-1 i *forskrift om måling, avregning mv.* av 11.03.1999 nr. 301.

### § 5-4 Oppseiing av avtalar om kraftpris utan særskilt avtala opphøyrsgdato.

Avtalar om kraftpris utan særskilt avtala opphøyrsgdato kan seiast opp av kvar av partane med 14 dagars skriftleg varsel.

### § 5-5 Særskilt om opphøyr av avtale om kraftpris med fast pris og/eller varigheit

Dersom Skjåk Energi Kraft etter utløpet av ein avtale om fast pris og/eller varigheit ikkje har motteke leverandørskiftemelding frå nettselskapet, og heller ikkje har motteke bestilling frå kunden om ein ny avtale om fast pris og/eller varigheit, vil kunden bli avrekna av Skjåk Energi Kraft i samsvar med Standard variabel kraftpris, eller eit anna standardprodukt som kan seiast opp i samsvar med føresegna i § 5-4 i Allmenne vilkår.

## § 6 Endringar i Allmenne vilkår for avtale om kraftpris

### § 6-1 Endringa i Allmenne vilkår for avtale om kraftpris for kundar som har avtalar om kraftpris utan særskilt avtala opphøyrsgdato

For kundar som har avtalar om kraftpris utan særskilt avtala opphøyrsgdato, kan Skjåk Energi Kraft gjere endringar i Allmenne vilkår for avtale om kraftpris.

Endringar blir kunngjorde med 14 dagars varsel som direkte melding til kunden eller på annan eigna måte, og er deretter gyldige.

### § 6-2 Endringa i Allmenne vilkår for avtale om kraftpris for kundar som har avtalar om kraftpris med fast pris og/eller varigheit

For avtalar om kraftpris med fast pris og/eller varigheit blir endringar som er nemnde i § 6-1, ikkje gjorde gjeldande i avtaleperioden. Endringane vil først bli gjorde gjeldande for slike avtalar dersom kunden etter at avtalen er utgått, fornyar eller vidarefører avtalen med ny aksept.

## § 7 Tvistar

Tvistar om kontraktsforholdet, som ikkje blir løyste ved forhandlingar, skal bringast inn for Nord-Gudbrandsdal tingrett, dersom ikkje partane i kvart enkelt tilfelle blir samde om skiltsdom.

Sorenskrivaren i Nord-Gudbrandsdal tingrett skal i tilfelle det er semje om skilddom, oppnemne formann i skilddomsretten. Elles avtalar partane i samråd med den oppnemnde formannen samansetninga av skilddomsretten og saksbehandling i samsvar med føresegnene i *lov om voldgift*.

## Definisjonar til Allmenne vilkår for avtale om kraftpris

Avrekningsansvarleg	Eining utpeika av Olje- og energidepartementet som skal sørge for at det blir avrekna for all innmating og alt uttak av straum som skjer i netta i Norge. Dette er regulert i § 4-3 i energilova og i kapitla 4 og 5 i <i>forskrift av 11.3.1999 nr. 301 om måling, avregning, fakturering av netttjenester og elektrisk energi, nettselskapets nøytralitet mv.</i>
Avtale om kraftpris	Finansiell avtale der ein aktør (kraftleverandør) påtek seg å avrekne ein kunde for kundens uttak av straum i samsvar med avtale, samtidig som aktøren overfor avrekningsansvarleg tek på seg det økonomiske ansvaret for straumuttaket til den aktuelle kunden frå nettet til nettselskapet.
Elspotpris	Pris for straum som blir notert kvar time av den nordiske kraftbørsen Nord Pool ASA. Elspotprisen, eller berre spotprisen, er referansepris for all anna prissetjing av straum. Det blir notert ein systempris som er snittet for heile børsområdet. Ved flaskehalsar i det fysiske kraftoverføringssystemet (sentralnettet) mellom regionar blir det notert ein elspotpris for kvart område (områdepris).
Finansiell avtale	Sjå avtale om kraftpris.
Kraftleverandør	Nemning for aktørar som "sel" straum til sluttbrukarar. Nemninga "kraftleverandør" er innarbeidd. Her presiserer vi at omgrepet ikkje refererer til ein aktør som står for fysisk leveranse av ei bestemt kraftmengd til sluttbrukaren, men til ein aktør som forpliktar seg til å avrekne kunden for den uttekne kraftmengda til avtala pris. Ytinga til kraftleverandøren er følgjeleg ein finansiell avtale.
Leverandørskifte	Formell, forskriftsfesta prosedyre for registrering av den leverandøren som skal ha økonomisk ansvar overfor avrekningsansvarlege for straumuttaket i kvar målepunkt-ID. Denne registreringa (leverandørskiftet) blir utført av det nettselskapet som eig nettet der kundens målepunkt-ID er. Melding om leverandørskifte skal alltid sendast av den aktøren som har inngått ny avtale om kraftpris (kraftleveringsavtale) med ein kunde. Reglane om leverandørskifte er inntekne i kap. 2 i <i>forskrift av 11.3.1999 nr. 301 om måling, avregning mv.</i>
Leveringsadresse	Sjå Målepunkt-ID.
Målepunkt-ID	I samsvar med § 1-3 i <i>forskrift av 11.3.1999 nr. 301 om måling, avregning mv.</i> er målepunkt-ID definert som "en entydig identifikasjon av et målepunkt basert på EAN-standarden Global Service Relation Number (GSRN)".
Nettleige	Alle prisar og anna økonomisk godtgjering (tariffar) som nettselskapet fastset for tilknytning til og bruk av elektriske nettanlegg. Jf. § 1-3 om tariffar i <i>forskrift av 11.3.1999 nr. 302 om økonomisk og teknisk rapportering, inntektsrammer mv.</i>



Nettselskap	Selskap som eig overføringsnett eller har ansvar for nettenester i samsvar med nettleigekontrakt med kunden og områdekonsesjon og omsetningskonsesjon ifølgje energilova.
Nord Pool ASA	Den nordiske kraftbørsen som er eigd av sentralnettselskapa i dei nordiske landa. Aktørane som tilbyr avtalar om kraftpris til sluttbrukarar, handlar straum og prissikrar avtaleforpliktingane sine overfor kundane hos Nord Pool ASA.
Områdepris/Prisområde	Sjå Elspotpris.
Sluttbrukar	Som sluttbrukar reknar ein den kunden som tek ut elektrisk energi til eigen bruk, og som ikkje omset straum vidare.
Spotpris	Sjå Elspotpris.
Stansing	Det at kraftprisansvarlege bruker retten til å halde tilbake kraft frå kunden, noko som inneber at kraftleverandøren overfor kunden og nettselskapet erklærer at ein frå eit oppgitt tidspunkt ikkje står økonomisk ansvarleg overfor den avrekningsansvarlege og nettselskapet for straumen kunden tek ut.